

Jnr.1096.05

g/jg

Olje –og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

NOU 2004:26 HJEMFALL – HØYRING

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionråd for åtte kommunar i Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes). Ordførarar og rådmenn i kommunane utgjer styret i rådet.

Styret er gjort kjent med NOU 2004:26 Hjemfall og LO, LVK og KS sine særmerknader, kap.10.4.3.

LO, LVK og KS rår til at nye reglar for hjemfall først blir utløyste ved bestemte transaksjonar frå eigar si side, for eksempel ved sal.

Dersom fleirtalet sitt opplegg blir vedteke, går LO, LVK og KS inn for at kun offentlege eigarar får kompensasjon. Dette fordi det er dei som misser ein evigvarande konsesjon. Kompensasjonen blir sett til 45 % av verdien på anlegget.

Utvalet er delt når det gjeld ny konsesjonstid. KS støttar ei vidareføring av ordninga med 60 år.


Det er knytt stor usikkerheit til kva begrensningar EØS-avtalen legg på nye reglar for hjemfall. LO, LVK og KS ber difor om at staten går i dialog med ESA for å få avklart utforminga av dei nye reglane.


I samband med høyringa vil KS rå til at kraftverk som er direkte eigd av fylkeskommunar og kommunar ikkje blir omfatta av reglane om hjemfall. Dette fordi dei i høve til EØS-avtalen er forvaltningsnivå på lik line med staten.

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar opp om KS og LVK sitt syn på reglar for hjemfall.

Stord, 22.02.05

Med venleg helsing


Helge Andre Njåstad
styreleiar


Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar